

# Årsmøte Vestland krets

---

**MØTESTAD:** Grand Hotel Terminus

---

**DATO:** 20. mars 2025

---

**MØTEDELTAKARAR:** 78  
Sjå vedlagt liste.

---

**FRÅVERANDE:** Sjå vedlagt liste.

---

**REFERENT:** Ingvild Risnes Skeie

---

År 2025 den 20. mars, haldt Vestland krets årsmøte på Grand Hotel Terminus i Bergen sentrum.  
Møtet vart leia av Bjarte Aarlie.

## Dagsorden

- |        |                                                          |
|--------|----------------------------------------------------------|
| Sak 1  | Godkjenning av innkalling og val av referent             |
| Sak 2  | Årsmelding                                               |
| Sak 3  | Årsregnskap                                              |
| Sak 4  | Fastsettjing av kretskontingent                          |
| Sak 5  | Kursverksemd/andre saker                                 |
| Sak 6  | Val av medlemmar til kretsstyret                         |
| Sak 7  | Val av medlemmar til representantskapet                  |
| Sak 8  | Val av styremedlemmar til Yngre advokatar Vestland krets |
| Sak 9  | Val av medlemmar til kretsens valkomité                  |
| Sak 10 | Eventuelt                                                |

## Sak 1/25

## Godkjenning av innkalling og val av referent

Innkalling vart godkjent.

Bjarte Aarlie vart valt til ordstyrar.

Invild Risnes Skeie vart valt til referent.

## Sak 2/25

## Årsmelding 2024

Årsmeldinga var sendt ut på førehand – pr. e-post 11. mars 2025.

Årsmeldinga vart gjennomgått av Bjarte Aarlie.

Mellom anna vart gjeve ein kort presentasjon av styret og medlemmar i representantskapet.

Tillitsvalte i dei ulike utval vart gjennomgått.

Vidare vart gjennomgått gjennomførte aktivitetar og kurs i 2024.

Alexander Sele gjennomgjekk årsmeldinga for YA. Den skriftlege versjonen inngår som ein del av årsmelding sendt i forkant.

## Sak 3/25

## Årsregnskap 2024

Regnskap vart lagt fram av Brendan Stewart Mitchell – og var i tillegg sendt ut på førehand som ein del av årsmeldinga.

Regneskapet viser at kontingensten er på same nivå som før. Kursinntektene har gått ned, men kursaktiviteten har ikkje gått ned. Årsaka til at kursinntektene går ned er at foreininga sponsar ein del arrangement. Som fylge av kostnadar med ulike arrangement, mellom anna studieturen til London, har kostnadssida i 2024 gått opp. Resultatet for 2024 kjem dermed ut i minus og ein brukar av eigenkapitalen.

Kretsen har framleis god økonomi – det er framleis meir eigenkapital enn Advokatforeininga sentralt tilrår. Styret vil gjerne ha innspel til tema for kurs eller andre arrangement som han heil-/delfinansierast av foreininga.

Det vart opna for spørsmål til årsregneskapet – utan at nokon hadde det. Det var ikkje merknadar til at ein vedtok årsregneskapet og dette vart dermed vedtatt.

Alexander gjennomgjekk regnskapet til YA – som er ein del av sjølve årsrekneskapen.

Vedtak: Vedtatt årsrekneskap 2024

Sak 4/25                    Fastsetjing av kretskontingent

Det er ikkje føreslått endringar i kontingenoten.

Sak 5/25                    Kursverksemd/andre saker

Gjennomførte kurs går fram av årsmeldinga. Styret meiner at me har eit relativt høgt nivå på deltaking og hyppigheit i vår kursverksemd.

Sak 6/25                    Val av medlemmar til kretsstyret

Bjarte Aarlie presenterte valstyrets innstilling.

Valstyret fremjar fylgjande kandidatar til styreverv fram til 2027:

**Brendan Stewart Mitchell – gjenvelges som fast medlem av styret**

**Rikke Arnesen, Adv.fa FAM - gjenvelges som fast medlem av styret**

**Stian Osa Frende Forsikring - gjenvelges som fast medlem av styret**

Det vart spurt om det var nokon i forsamlinga som ville koma med benkeforslag (også mogleg å føreslå seg sjølv) eller hadde kommentrarar/innspel. Det var det ikkje.

Vedtak: Valstyret si innstilling vart vedtatt.

Kretsstyret ser slik ut etter valet:

Leiar:

Bjarte Aarlie (til 2026)

Nestleiar:

Anne Cathrine Lerstad (til 2026)

Medlemmar:

Brendan Stewart Mitchell (til 2027)

Rikke Arnesen (til 2027)

Stian Osa (til 2027)

Stein Bergset (til 2026)

Ingvild Risnes Skeie (til 2026)

Varamedlem:

Ask Økland (til 2026)

## Sak 7/25

## Val av medlemmar til representantskapet

Bjarte presenterte valstyrets innstilling.

Vestlandet krets skal ha fire medlemmar i representantskapet. Valstyret fremjar forslag om fylgjande kandidatar til Advokatforeininga sitt representantskap (Leiar har fast plass i representantskapet).

*Brendan Stewart Mitchell, Adv. fa Garmann & Mitchell*

*Stian Osa, Frende Forsikring*

*Rikke Arnesen, Adv.fa FAM.*

*Ann Cathrine Lerstad, Tietoevry (vara)*

*Svein Bergset, Adv.fa. Riisa (vara)*

*Ingvild Risnes Skeie, Harris (vara)*

*Ask Økland, adv.fa. Ask Økland og Pelagisk forening (vara)*

Det vart spurt om det var nokon i forsamlinga som hadde merknadar. Det var det ikkje.

Vedtak: Valstyret si innstilling vart vedtatt.

## Sak 8/25

## Val av styremedlemmar til Yngre advokatar Vestland krets

Bjarte presenterte valstyrets innstilling.

Valstyret fremjar fylgjande kandidatar til styreverv fram til 2027:

*Alexander Gonzalo Sele – attval som leiar*

*Henrik Myklebust – attval som nestleiar*

Det vart spurt om det var nokon i forsamlinga som ville koma med benkeforslag (også mogleg å føreslå seg sjølv) eller hadde kommentarar/innspel. Det var det ikkje.

Vedtak: Valstyret si innstilling vart vedtatt.

Styret i Yngre advokatar ser slik ut etter valet:

Leiar:

Alexander Gonzalo Sele (til 2027)

Nestleiar:

Henrik Myklebust (til 2027)

Medlemmar:

May-Linn Sandvik (til 2026)

Kamilla Hope Kleppenes (til 2026)

Tiril Olin Vestre Røkke (til 2026)

Sofie Grøndahl (til 2026)

Sak 9/25

Val av medlemmar til kretsens valkomité

Bjarte presenterte valstyrets innstilling.

Valstyret fremjar følgjande kandidatar til valkomiteen for 2025:

**Eva Dragset, Aker Solutions - tar gjenvalg**

**Robert Fonn, Blikra, Slåtterøy, Slåtterøy & Fonn - tar gjenvalg**

**Jorunn Moltu Jacobsen, Harris Advokatfirma AS - tar gjenvalg**

Vedtak: Valstyret si innstilling vart vedtatt.

Sak 10/25

Eventuelt

Advokatvakten skal etter planen koma i gang etter påske. Det vert då i Gulating lagmannsrett – anna kvar veke. Det inneber ein kostnad til vaktselskapet til Gulating. Alle vart oppfordra til å meldia seg.

Når tingretten er ferdig oppussa vil me få tilbake romma der. I samband med det vil ein sjå nærmare på ei løysing med digital påmelding.

Ny nettside for kretsen er under arbeid (under Advokatforeininga sentralt si nettside).